



**OBS at nokre saker kan vera U.  
off. Det er avmerka øverst til  
høgre på dei sakene det gjeld**

## Kontrollutvalet

Bergen, 22. mai 2012

### Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**Tysdag 29.05.12 kl. 14.00**

**i Kommunestyresalen**

**MERK: i forkant av møtet, kl.13.30 vert det opplæring i bruk av Ipad for kontrollutvalet.**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, [hogne.haktorson@hfk.no](mailto:hogne.haktorson@hfk.no).

Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Jens Harald Abotnes (s)  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet  
Ordførar i Samnanger kommune  
Deloitte AS  
Rådmannen i Samnanger kommune

(har møte- og talerett)

(har møte- og talerett)

## Sakliste:

<b>Saknr.</b>	<b>Sak</b>	<b>Merknad</b>
17/12	Godkjenning av innkalling og sakliste	
18/12	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 16.04.12	Vedlegg
19/12	Meldingar / utvalet sitt kvarter	Vedlegg
20/12	Orienteringssaker	Vedlegg
21/12	Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016	Vedlegg
22/12	Plan for selskapskontroll 2012 - 2016	Vedlegg
23/12	Gjennomgang av møteprotokollar	
	Ymse	



**SAMNANGER KOMMUNE**

## MØTEPROTOKOLL

### Kontrollutvalet

**Dato:** 16.04.12                      **Kl.:** 14.00 – 18.15                      **Stad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:** 07/10 – 16/12

### MØTELEIAR

Jens Harald Abotnes (Krf)

### DESSE MØTTE

Hans Solberg (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Svein Verner Røseth (Frp)

Lena Tveit (Bygdalista)

**FORFALL** – ingen forfall

### DESSUTAN MØTTE

Deloitte v/ Unni Renate Moe og Gunnar Husabø

Ordfører Marit Aksnes Aase var med i møtet til og med sak 11/12 Rekneskap og årsmelding 2011. Frå administrasjonen møtte rådmann Tone Ramsli i sak 11/12 Rekneskap og årsmelding 2011, og orienterte til kontrollutvalet om nokre av meldingssakene.

Skatteoppkrevjar Laila Midtun møtte i sak 12/12 vedr. årsrapport 2011 frå skatteoppkrevjar Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

## Sakliste:

Saknr.	Sak
07/12	Godkjenning av innkalling og sakliste
08/12	Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.02.12
09/12	Meldingar / utvalet sitt kvarter
10/12	Orienteringssaker
11/12	Rekneskap og årsmelding for Samnanger kommune 2011. Uttale frå kontrollutvalet.
12/12	Kontrollrapport 2011 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune. Uttale frå kontrollutvalet.
13/12	Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016
14/12	Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016
15/12	Årsmelding for kontrollutvalet for 2011
16/12	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

**07/12 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE****HANDSAMING I MØTET**

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**VEDTAK**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

**08/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.02.12.****HANDSAMING I MØTET**

Møteprotokollen vart gjennomgått og kommentert. Oppfølging av nokre av punkta vert protokollført under orienteringssakene. Det framkom elles ikkje merknader til protokoll frå møte 21.02.12.

**VEDTAK**

Protokollen frå møte 21.02.12 vart samrøystes godkjend.

**09/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER**

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg</li> <li>• Samhandlingsreform – godkjenning av avtalar om samarbeid</li> </ul>
3	Samnanger kommune	Gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde
	Evt. andre meldingar	Ymse

**FORSLAG TIL VEDTAK**

Meldingane vert tekne til orientering.

**HANDSAMING I MØTET**

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter: - Spørsmål om reglar for innkrevjing av leige for bruk av kommunal kai vart teke opp. For å få klarlagt dette må ein venda seg til teknisk etat. - Framdrift / status for planar ved utbygging av Samnangerheimen vart og etterspurd. Rådmannen gjorde greie for stoda i dette prosjektet og svara på spørsmål frå kontrollutvalet. - Begge sakene vart teke til orientering. Det vart og presisert at slike spørsmålstillingar vert letteare å gje svar på om dei føreligg skriftleg før møtet.
2	Kommunestyret	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg</li> <li>• Samhandlingsreform – godkjenning av avtalar om samarbeid</li> </ul> Vedtaka frå kommunestyret vart gjennomgått og kommentert. Kontrollutvalet ønskjer å følgja opp begge desse sakene ved å be om orientering om stoda frå administrasjonen. Meldingane vart teke til orientering.
3	Samnanger kommune	Gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde vart gjennomgått og teke til orientering.
	Evt. andre meldingar	Sekretariatet la fram rapportar frå tilsyn som Fylkesmannen har gjennomført: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulen sitt arbeid med det psykososiale arbeidsmiljøet i barneskulen og i ungdomsskulen.</li> </ul> Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering om arbeid med oppfølging av pålegg og tilrådingar. Slik orientering skal gjevast på neste møte.

**VEDTAK**

Meldingane vert tekne til orientering. Sekretariatet syter for oppfølging av nokre av meldingane.

## 10/12 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssakene vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørande:
1	Rådmann / administrasjonen	Sak vedr. bygging av kaianlegg Bjørkheim, aktuelle dokument: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brev frå BKK, datert 28.10.11, søknad om løyve til bygging av kai.</li> <li>• Brev frå Fylkesmannen, datert 07.03.12, uttale i saka.</li> <li>• Saksframlegg til naturutvalet sitt møte 28.03.12, ny handsaming.</li> </ul>
2	Sekretariatet	Oppdrag som Deloitte evt. utfører for kommunen utanom bestilling frå kontrollutvalet
3	Sekretariatet	Drøfting av evt. aktuelle emne / tema for vidare opplæring i kontrollutvalet
4	Sekretariatet	Drøfting av evt. presentasjon av kontrollutvalet for kommunestyret og synspunkt på innhald
5	Samnanger kommune	Om å ta Ipad / lesebrett i bruk til møter i kontrollutvalet.
6	Sekretariatet	Notat frå sekretariatet dagsett 30.3.12 til kontrollutvalet om rutinar for å melde avbod til møta, notatet ligg ved.
		Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

### HANDSAMING I MØTET

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørande:
1	Rådmann / administrasjonen	Sak vedr. bygging av kaianlegg Bjørkheim vart gjennomgått og drøfta ut frå følgjande framlagde dokument: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brev frå BKK, datert 28.10.11, søknad om løyve til bygging av kai.</li> <li>• Brev frå Fylkesmannen, datert 07.03.12, uttale i saka.</li> <li>• Saksframlegg til naturutvalet sitt møte 28.03.12, ny handsaming.</li> </ul> Saka vart teke til orientering.
2	Sekretariatet	Deloitte la fram oversyn over oppdrag som er utført i 2011 for Samnanger kommune. Dette viser at ingen av oppdraga er av ein slik art at spørsmål om uavhengighet bør vurderast. Det vart vidare presisert at slikt oversyn over oppdrag bør leggest fram årleg, gjerne i samband med erklæring om uavhengighet. Saka vert teke til orientering.
3	Sekretariatet	Kontrollutvalet ønskjer å få lagt fram ein plan for emne / tema som kan vera aktuelle å ta opp særskilt på møter i kontrollutvalet. Slik plan skal utarbeidast til neste møte.
4	Sekretariatet	Det er aktuelt å gje orientering om kontrollutvalet og utvalet sine oppgaver for kommunestyret i juni-møtet. Gjennomgang av presentasjonen for kontrollutvalet vert difor å ta på neste møte i kontrollutvalet.
5	Samnanger kommune	Erfaringar med å ta Ipad / lesebrett i bruk til møter i kontrollutvalet vart drøfta. Alle i kontrollutvalet har nå fått Ipad, men det har vore problem med å koma inn på nokre av dokumenta som var aktuelle til dette møtet. For å ta i bruk Ipad på ein god måte ønskjer kontrollutvalet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sekretariatet syter for å koordinera med IT-avdelinga korleis Ipad skal takast i bruk, oppdatering av E-mail adresser og reglar for "skikk og bruk".</li> <li>• Gjera avtale med IT-avd. om hjelp til innføring i bruk av I-pad i neste møte</li> </ul>
6	Sekretariatet	Notat frå sekretariatet dagsett 30.3.12 til kontrollutvalet om rutinar for å melde avbod til møta vart gjennomgått og teke til orientering.
		Ymse – ingen orienteringssaker under ymse.

**VEDTAK**

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering. Sekretariatet syter for oppfølging av nokre av orienteringssakene.

**11/12 REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR SAMNANGER KOMMUNE 2011. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.****FORSLAG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2011.

**HANDSAMING I MØTET**

Rådmann Tone Ramsli deltok under handsaminga av saka. Det vart orientert om arbeidet med å avslutta rekneskap og årsmelding for 2011 og om den økonomiske stoda ut frå avlagt rekneskap. Det vart og peika på kva utfordringar kommunen står overfor når det gjeld å balansera utgiftsnivået mot inntektene vidare framover.

Unni Renate Moe frå Deloitte orienterte om revisjonsmelding og revisjonsrapport som er lagt fram. Det vart og frå revisjonen si side gjeve positiv tilbakemelding om korleis administrasjonen har jobba med avslutninga av rekneskapen. Vidare vart det peika på at det er bra at rekneskapen viser at kommunen har og svært låg andel med uteståande restansar.

Sekretariatet tok opp at det har vore utfordringar når det gjeld tidsfristane for at saka kunne handsamast på dette møtet i kontrollutvalet. Det vart peika på at det vidare framover må leggst opp til ein møteplan som gjev betre tid til å leggja fram denne saka. Revisjonsmeldinga som er lagt fram inneheld og presiseringar om overhalding av tidsfristar. Ordførar Marit Aase gav tilbakemelding på at dette ville ein merka seg når det gjeld å setja opp møteplan for handsaming av rekneskapsaka til seinare år.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og kommenterte innhald i rekneskap og årsmeldinga. Etter gjennomgang og drøfting av forslag til uttale til rekneskapen gjorde utvalet samrøystes vedtak i saka.

**VEDTAK**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2011.

**12/12 KONTROLLRAPPORT 2011 VEDR. SKATTEOPPKREVARFUNKSJONEN I SAMNANGER KOMMUNE. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET****FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte, men merkar seg at det ikkje er utført arbeidsgjevarkontrollar, grunngjeve med prioritering ved vakanse / skifte i stilling som skatteoppkrevjar.
2. Samnanger kommune sitt skatterekneskap og kontrollrapporten frå Skatteetaten, Skatt vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

**HANDSAMING I MØTET**

Skatteoppkrevjar Laila Midtun var med då saka vart handsama. Det vart gjeve orientering til kontrollutvalet om årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå skatteetaten. Utvalet merka seg at målkrav vedr. gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar ikkje er nådd i 2011. Grunngjeving for dette er skifte / vakanse i stilling som skatteoppkrevjar.

Døme på organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen i andre nærliggande kommunar vart og drøfta, også at i nokre høve vel kommunar å kjøpa tenester hjå Bergen kommune når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar. Kontrollutvalet kom med kommentarar til orienteringa i saka, og stilte spørsmål, som det vart svara på. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte, men merkar seg at det ikkje er utført arbeidsgjevarkontrollar, grunngeve med prioritering ved vakanse / skifte i stilling som skatteoppkrevjar.
2. Samnanger kommune sitt skatterekneskap og kontrollrapporten frå Skatteetaten, Skatt vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

**13/12 ANALYSE OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON FOR PERIODEN 2012 - 2016****FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for forvaltningsrevisjon for 2012 – 2016 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

**HANDSAMING I MØTET**

Overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon, som er utarbeida med bakgrunn i prosess med kontrollutvalet i førre møte, samt intervjurunde med administrasjon og politikarar, vart lagt fram. Gunnar Husabø frå Deloitte presenterte analyse-dokumentet og gjennomgjekk dei aktuelle prosjekta.

Ut frå dei framlagde prosjekta drøfta kontrollutvalet kva som ville vera aktuelle å velja ut som forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det vart gjennomført prosess med å prioritera prosjekta som skal inn i plan for forvaltningsrevisjon for komande periode. Ut frå kontrollutvalet si prioritering skal det så utarbeidast endeleg plan til neste møte. Vedtak i saka var samrøystes.

**VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for forvaltningsrevisjon for 2012 – 2016 slik den ligg føre.
2. Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

**14/12 ANALYSE OG PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL FOR PERIODEN 2012 - 2016****FORSLAG TIL VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for selskapskontroll for 2012 – 2016 slik den ligg føre. (Evt. med dei endringar / justeringar som kom fram i møte).
2. Plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

**HANDSAMING I MØTET**

Det vart gjennomført liknande prosess vedr. plan for selskapskontroll som prosess for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet prioriterte innan dei framlagde alternativa. Ut frå kontrollutvalet si prioritering skal det så utarbeidast endeleg plan til neste møte. Vedtak i saka var samrøystes.

**VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet godkjenner overordna analyse for selskapskontroll for 2012 – 2016 slik den ligg føre.
2. Plan for selskapskontroll for perioden 2012 - 2016 vert å leggja fram i kontrollutvalet sitt neste møte, og det vert då lagt opp til å innstilla til kommunestyret, som skal gjera endeleg vedtak.

**15/12 ÅRSMELDING 2011 FOR KONTROLLUTVALET****FORSLAG TIL INNSTILLING:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2011.

**HANDSAMING I MØTET**

Sekretariatet sitt forslag til årsmelding vart gjennomgått og drøfta. Utvalet meinte at innhaldet synleggjer arbeidet som har vore i kontrollutvalet i 2011. Årsmeldinga bør leggst fram for kommunestyret i juni-møtet. Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

**INNSTILLING:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2011.

**16/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR****FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**HANDSAMING I MØTET**

Dei aktuelle møteprotokollane med saklister vart gjennomgått. Nokre av sakene vart teke opp og drøfta, men det var ingen saker ein ville undersøka nærmare på noverande tidspunkt. Kontrollutvalet gjorde samrøystes vedtak om å ta møteprotokollane til orientering.

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**YMSE**

Invitasjon til FKT-konferanse i Trondheim i juni vart delt ut. Det var ingen av medlemmane som hadde høve til å delta. Det var elles ingen saker å ta opp under ymse.

Jens Harald Abotnes  
Leiar

Kari Nygard  
Sekretær





## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 29. mai 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 19/12

### 19/12 MELDINGAR OG UTVALET SITT KVARTER

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Kontrollutvalet	Utvalet sitt kvarter
2	Kommunestyret	Aktuelle vedtak å melda til kontrollutvalet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Reglement for Kommunestyret og andre politiske utval</li> </ul>
3	Sekretariatet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Om kontrollutvalet på heimesida til kommunen</li> <li>• Om behov for opplæring i bruk av iPad</li> </ul>
	Evt. andre meldingar	Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Meldingane vert tekne til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 29. mai 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 20/12

### 20/12 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann / administrasjonen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Om arbeid med oppfølging etter tilsyn frå Fylkesmannen vedr. psykososialt arbeidsmiljø i barne- og ungdomsskulen</li> </ul>
2	Rådmann / administrasjonen	<ul style="list-style-type: none"> <li>Om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av pleie og omsorg</li> </ul>
3	Sekretariatet	Presentasjon av kontrollutvalet for kommunestyret 20.06.12.
4	Sekretariatet	Notat om aktuelle emne som kontrollutvalet ønskjer å få meir kunnskap om
5	Sekretariatet	Møteplan for hausten. Framlegg til møtedatoar: <ul style="list-style-type: none"> <li>13. september</li> <li>29. november</li> </ul>
		Ymse

### FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek orienteringane til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

### Vedlegg:

- Notat om aktuelle emne som kontrollutvalet ønskjer å få meir kunnskap om

**Fra:** [Kari Marie Nygard](#)  
**Til:** ["tone.ramsli@samnanger.kommune.no"](mailto:tone.ramsli@samnanger.kommune.no)  
**Kopi:** ["jens.harald.abotnes@nav.no"](mailto:jens.harald.abotnes@nav.no); [Hogne Haktorsen](#)  
**Emne:** Orientering til kontrollutvalet i Samnanger kommune sitt møte 29.05.12.  
**Dato:** 22. mai 2012 11:15:02

---

Til rådmann Tone Ramsli

Viser til telefonssamtale no i dag. Til kontrollutvalet sitt møte 29. mai vil ein be om orientering i følgjande saker:

- Arbeid med oppfølging etter tilsyn frå Fylkesmannen vedr. psykososialt arbeidsmiljø i barne- og ungdomsskulen.  
Kontrollutvalet fekk rapportane frå tilsynet framlagt på sist møte, og ønskjer ei orientering om arbeid med oppfølging.
- Forvaltningsrevisjon pleie og omsorg. Viser til vedtak i kommunestyret 22.02.12:  
*"Kommunestyret ber rådmann syta for at følgjande tiltak vert sett i verk:*
  - a. *Samnanger kommune må sikre at forvaltningslova sine reglar knytt til enkeltvedtak blir følgt når det gjeld*
    - i. *å vise dei reglar vedtak bygger på jf § 25 i forvaltningslova*
    - ii. *å visa til dei hovudomsyn som har vore avgjerande ved utøving av forvaltningsmessig skjønn jf § 25 i forvaltningslova*
    - iii. *å informera om rett til å klaga, klagefrist, klageinstans jf § 27 i forvaltningslova*
    - iv. *utsending av førebels svar jf § 11a i forvaltningslova*
  - b. *Praksis knytt til utsending av førebels svar må vurderast.*
  - c. *Trongen for opplæring av leiarar i budsjettering og økonomistyring må vurderast.*
  - d. *Ein må syta for å systematisera grunnlagsdokumentasjonen slik at eining for pleie og omsorg på ein betre måte kan synleggjere samanhengen mellom aktivitetar, ressursbehov og økonomi."*

Ein ber om at det vert gjeve orientering om korleis det vert arbeidd med oppfølging av desse tiltaka.

Nærmare tidspunkt i løpet av møtet (som tek til kl. 14.00) kan avtalast nærmare.

*Med helsing*

*Kari Nygard*  
*-seniorrådgjevar-*

*Hordaland fylkeskommune*  
*sekretariat for kontrollutvalet*  
*Postboks 7900*  
*5020 Bergen*  
[kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no)  
 tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183

## KONTROLLUTVALET I SAMNANGER KOMMUNE - PLAN FOR TEMA I MØTER

Kontrollutvalet legg opp til slik plan for vidare opplæring om tema i kontrollutvalsmøter:

Dato:	AKTIVITET
Først møte til hausten	
Andre møte til hausten	
Evt. tema å ta opp vidare framover	

Aktuelle tema å ta opp (vilkårleg rekkefølge, ikkje prioritert):

- Samhandlingsreforma – konsekvensar for Samnanger kommune
- Internkontroll
- Rekruttering, organisering og personalforvaltning
- Vedtaksoppfølging
- Arkiv og offentlegheit
- IKT og informasjonstryggleik
- Vedlikehald

Andre aktuelle tema:

- Besøka ein omsorgsinstitusjon / verna bustader eller liknande
- Evt. besøka ei av bedriftene som Samnanger kommune har eigarinteresser i
- Offentlege anskaffingar / innkjøp
- Etikk / habilitet
- Økonomistyring

Idear / tema som kontrollutvalsmedlemmane fekk kunnskap om dei to dagane på Solstrand på folkevaldopplæring ?



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 29. mai 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 21/12

### 21/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012 - 2016

#### Bakgrunn:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

*”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

Det betyr at kontrollutvalet innnan utgangen av 2012 må sørgja for:

- Å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.
- Å gjennomføra ein overordna analyse av risiko- og vesentlighetsvurderingar i kommunen, som planen skal baserast på
- At planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planen.

Med dette som bakgrunn har kontrollutvalet gjort vedtak om å setja i gong og gjennomføra prosess som skal føra fram til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.

#### Prosess:

Kontrollutvalet har gjennomført ein grundig prosess som bakgrunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon som nå ligg føre. Deloitte har i sitt analysearbeid m.a. gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøter i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen, og
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

I prosessen med å utarbeida plan for forvaltningsrevisjon har kontrollutvalet hatt fokus på kva som kan vera risiko-områder, og risiko er blitt vurdert innanfor alle kommunen sine tenesteområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre, for å avgjera kva områda som dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

Overordna analyse for Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vart handsama og godkjent i kontrollutvalet sitt møte 16.04.12. Ut frå denne analysen, og drøftingar i kontrollutvalet er det nå utarbeida plan for forvaltningsrevisjon.

Drøfting.

Planen skal gjelda for perioden 2012 – 2016. Den førre planen for forvaltningsrevisjon i Samnanger kommune vart utarbeidd i 2008. Plan for forvaltningsrevisjon har og vore gjennomgått og revidert i 2010. Kontrollutvalet bør leggja opp til å revidera den planen som nå vert lagt fram også, i løpet av planperioden.

I forslag til innstilling vert det lagt opp til å delegera til kontrollutvalet å gjera endringar og definera og avgrensa prosjekt, slik forskrift om kontrollutval opnar for. Dette vert tilrådd av praktiske omsyn, mellom anna for å ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ny planprosess.

Etter kvart som forvaltningsrevisjonsprosjekt vert gjennomførte vil kontrollutvalet leggja fram rapportar for kommunestyret. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein av dei lovpålagde rapporteringane frå utvalet til kommunestyret.

Konklusjon.

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen.

Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafør forslag til plan, der dei kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen fremjast for kommunestyret.

**FORSLAG TIL VEDTAK:** (Endeleg vedtak i kontrollutvalet, dersom utvalet si handsaming inneber redigeringar i utkastet til plan)

1. Deloitte AS vart beden om å redigere plan for forvaltningsrevisjon i tråd med dei endringane som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne endeleg versjon av planen.
3. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ....., slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møtet 20.06.2012.

**FORSLAG TIL INNSTILLING:** (Endeleg vedtak i kommunestyret)

1. Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008 – 2012.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet med å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 Samnanger kommune

Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016  
Samnanger kommune.

## Innhold

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>3</b>
1.1 Plan for forvaltningsrevisjon	3
1.2 Risiko- og vesentleganalyse	3
<b>2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012 – 2016 .....</b>	<b>4</b>
2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe	4
2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe	5
<b>3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon .....</b>	<b>6</b>
<b>4. Gjennomføring og rapportering .....</b>	<b>6</b>



## 1. Innleiing

I følgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. <sup>1</sup> Det er revisor som utfører forvaltningsrevisjon på vegner av kontrollutvalet.

Forskrift om revisjon § 7 om forvaltningsrevisjonens innhold:

*Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger. Herunder om*

- a) forvaltningen bruker ressurser til å løse oppgaver som samsvarer med kommunestyrets vedtak og forutsetninger,*
- b) forvaltningens ressursbruk og virkemidler er effektive i forhold til målene som er satt på området,*
- c) regelverket etterleves,*
- d) forvaltningens styringsverktøy og virkemidler er hensiktsmessige,*
- e) beslutningsgrunnlaget fra administrasjonen til de politiske organer samsvarer med offentlige utredningskrav,*
- f) resultatene i tjenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyrets eller fylkestingets forutsetninger og/eller om resultatene for virksomheten er nådd.*

Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt kommunen ønskjer å gjennomføre skal framkome i ein plan for forvaltningsrevisjon.

### 1.1 Plan for forvaltningsrevisjon

Plan for forvaltningsrevisjon er heimla i forskrift om kontrollutval. I forskrifta står det:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret, som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.»<sup>2</sup>

### 1.2 Risiko- og vesentleganalyse

Føremålet med den overordna risiko- og vesentleganalysen er å framskaffe relevant informasjon om verksemda til kommunen, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjere forvaltningsrevisjon og å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til kor sannsynleg det er og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre

<sup>1</sup> Kommuneloven § 77. Kontrollutvalget

<sup>2</sup> Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 10

føringar som kommunen har sett for verksemda. Risiko blir vurdert innanfor alle av kommunen sine tenestoområde. På bakgrunn av risikoanalysen er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre for å avgjere kva område dei meiner det er mest vesentleg å undersøke.<sup>3</sup>

Data som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalyse, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse.
- Prosessmøte i kontrollutvalet.
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen.
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.



Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor dei ulike sektorane i kommunen. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

## 2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2012 – 2016

Under følgjer prosjekta som er prioritert i tråd med risiko- og vesentleganalysen.

Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjennomført. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### 2.1 Gruppe 1 – prioritert gruppe

Prioritet	Prosjekt	Tema
1	Sentraladministrasjon	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering og ansvarsdeling</li> <li>- Kapasitet knytt til planleggings- og prosjekteringsoppgåver</li> </ul>
2	Samhandling og brukarmedverknad i helse- og omsorgstenestene	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Individuell plan</li> <li>- Tverrfagleg re-/habiliteringstilbod</li> <li>- Organisering</li> <li>- System og rutinar</li> <li>- Samhandling med NAV og spesialisthelsetenesta</li> </ul>

<sup>3</sup> For ein nærare presentasjon av overordna analyse, sjå "Kontrollutvalsboka" (KRD, 2011) kapittel 6 (tilgjengeleg på [http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger\\_brosjyrer.html?id=2129](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer.html?id=2129))

3	Vedlikehold	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Universell utforming</li> <li>- Regeletterleving</li> </ul>
4	Vedtaksoppfølging og måloppnåing	<ul style="list-style-type: none"> <li>- System og rutinar</li> </ul>
5	Spesialundervisning og tilpassa opplæring	<ul style="list-style-type: none"> <li>- System og rutinar</li> <li>- Regeletterleving</li> <li>- Samhandling</li> </ul>
6	Legevakt	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Tilgjenge</li> <li>- Internkontroll</li> </ul>

## 2.2 Gruppe 2 – uprioritert gruppe

Prosjekt	Tema
<b>Arkivering, offentlegheit og informasjonstryggleik</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Regeletterleving</li> <li>- System og rutinar</li> <li>- Praktisering</li> </ul>
<b>Barnevern</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Tiltak og ressursbruk</li> </ul>
<b>Personalforvaltning</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- - Rekruttering</li> <li>- - Kompetanseprofil</li> <li>- - Bruk av vikarar</li> <li>- - Sjukefråvær</li> </ul>
<b>Plan- og bygg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Regeletterleving</li> <li>- Ressursbruk</li> <li>- Plan, bygg og oppmåling</li> <li>- Detaljplanlegging og sal av tomter</li> </ul>
<b>Prosjektstyring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Organisering</li> <li>- Kompetanse</li> <li>- System og rutinar</li> <li>- Rapportering</li> </ul>
<b>Økonomistyring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Budsjettering</li> <li>- Oppfølging</li> <li>- Rapportering</li> </ul>

### 3. Metode for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapeleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Mogelege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

### 4. Gjennomføring og rapportering

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium<sup>4</sup> ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta.

Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon blir lagt fram for kommunestyret. I tråd med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet utarbeide ein rapport til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførte og om resultatane av desse. Kontrollutvalet oppfyller dette rapporteringskravet gjennom si årlege melding til kommunestyret om utvalet si verksemd. Det er også kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgde opp.

Kontrollutvalet vil kome attende til tidsplan for gjennomføring av dei einskilde prosjekta. Dersom føresetnadene skulle endre seg, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden. Årsaka til slike eventuelle endringar blir rapportert til kommunestyret i kontrollutvalet si årsmelding.

---

<sup>4</sup> Normer og standarder som forvaltningen blir vurdert i opp mot (vedtak, regelverk, mål)



Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2011 Deloitte AS



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet **Dato:** 29. mai 2012  
**Sakshandsamar:** Kari Nygard  
**Kopi til:** **Sak:** 22/12

### 22/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2012 - 2016

#### Bakgrunn:

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyder slik:

*”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”*

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2012 må sørgja for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll i perioden 2012 – 2016
- at planen vert vedteken av kommunestyret, som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn har kontrollutvalet gjort vedtak om å setja i gong og gjennomføra prosess som skal føra fram til plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016. Prosessen har vore gjennomført parallelt med arbeid med plan for forvaltningsrevisjon.

#### Prosess:

For å utarbeida plan for selskapskontroll er det gjennomført risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. I høve til risiko er det særleg desse tilhøva som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar eller på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Det er og lagt vekt på kor vesentleg det er for kommunen å få gjennomført ein kontroll. Overordna prinsipp som er lagt til grunn for det er:

1. Fokus på brukarperspektivet
2. Fokus på økonomiske interesser for kommunen.

Overordna analyse for Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vart handsama og godkjent i kontrollutvalet sitt møte 16.04.12. Ut frå denne analysen, og drøftingar i kontrollutvalet er det nå utarbeida plan for forvaltningsrevisjon.

### Drøfting.

Omgrepet selskapskontroll vert brukt på fleire måtar og det kan illustrerast ved at den kan vera todelt, men at grensene mellom dei to likevel kan vera flytande:

- Obligatorisk eigarkontroll, som kan omfatta:
  - Kontroll ved selskapsetablering
  - Kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa
  - Kontroll av at eigarskapen er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd
  - Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse
  - Kontroll av at selskapa kommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving
  - Kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptrer i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.
  
- Valfri forvaltningsrevisjon: Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2012 – 2016. I forslaget til plan er det skildra kva selskapskontrollen kan innehalda dei neste fire åra. Forslag til prioriterte prosjekt finn ein i pkt. 4 i plandokumentet, og denne prioriteringa vert det invitert å diskutere i møtet. Det er lagt opp til å delegera til kontrollutvalet å kunna gjera endringar og omprioriteringar i planperioden. Kontrollutvalet skal og i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportera til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte, og resultatata av desse.

Planen har oversikt over dei selskap som Samnanger kommune har eigarskap i. Selskapa blir presentert i ein tabell som inneheld tre kolonner som syner: namn på selskapet, føremål og eigardel.

Sekretariatet vil og peika på at ein bør vurderer å ta inn i planen standard atterhald om høve til revisjon av t.d. kommunale tilskot eller der kommunen går inn på eigarsida i selskap som ikkje er underlagt kommunal kontroll. Dette er ein parallell til statlege løyvingar, der det er med i vedtaka at riksrevisjonen har høve til å foreta ein kontroll i etterkant.

### Konklusjon.

Sekretariatet meiner utkast til plan er eigna som grunnlag for kontrollutvalet si handsaming av saka. Sekretariatet vil likevel tilrå at atterhald om høve til revisjon av t.d. tilskot ol. vert teke inn i denne planen ved at det vert innarbeidd i det endelege forslaget til plan for selskapskontroll.

**FORSLAG TIL VEDTAK (Endeleg vedtak i kontrollutvalet, dersom utvalet si handsaming inneber redigeringar i utkast til plan):**

1. Kontrollutvalet ber Deloitte om å redigere plan for selskapskontroll i tråd med dei endringane som kjem fram i møtet.
2. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til godkjenne endeleg versjon av planen.
3. Endeleg plan vert å sende sekretariatet innan ..... slik at den kan leggjast fram for kommunestyret i møte 20.06 12.



## FORSLAG TIL INNSTILLING: (Endeleg vedtak i kommunestyret)

1. Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre. Planen erstattar tilsvarande plan for perioden 2008 – 2012
2. Planen gjeld for resten av valperioden, 2011 – 2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.
3. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatata av desse.
4. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne ”revisjonen” og evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til kommunestyret minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

- Plan for selskapskontroll 2012 – 2016 Samnanger kommune

Plan for selskapskontroll 2012 – 2016  
Samnanger kommune.

## Innhald

<b>1. Innleiing .....</b>	<b>3</b>
1.1 Plan for selskapskontroll	3
1.2 Former for selskapskontroll	4
<b>2. Risiko- og vesentleganalyse .....</b>	<b>4</b>
<b>3. Oversikt over selskap .....</b>	<b>5</b>
3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80	5
3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80	5
<b>4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden .....</b>	<b>6</b>
<b>5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll .....</b>	<b>6</b>
<b>6. Rapportering.....</b>	<b>6</b>

## 1. Innleiing

I følgje kommuneloven § 77 nr. 5 skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 14 står det:

*Kontrollutvalget skal påse at det gjennomføres kontroll med forvaltningen av eierinteressene i de selskaper som er omfattet av slik kontroll, herunder å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll). Selskapskontrollen kan også omfatte forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner kap. 3.*

Planen for selskapskontroll er basert på ein risiko- og vesentleganalyse som blei gjennomført i 2012.

### 1.1 Plan for selskapskontroll

Etter § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal det minst ein gong i valperioden verte utarbeidd plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje «senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert».

Kommunestyret vedtar planen, medan kontrollutvalet bestemmer kven som skal gjennomføre selskapskontrollen.

Innhaldet i § 13 i forskrifta må sjåast i samanheng med kommuneloven § 80, som omhandlar kva selskap kontrollutvalet og kommunen sin revisor har full innsynsrett i. Det kjem fram av § 80, 1. ledd at innsynsretten er avgrensa til:

- interkommunale selskap,
- aksjeselskap kommunen eig åleine eller saman med andre kommunar eller fylkeskommunar,
- heileigde dotterselskap til slike selskap.

Sjølv om innsynsretten er meir avgrensa, vil kontrollansvaret og omfatte selskap og verksemder som ikkje kjem inn under § 80. Dette er:

- selskap der kommunen har aksjar, men der det også er private aksjeeigarar.

## 1.2 Former for selskapskontroll

### Obligatorisk eigarskapskontroll

Eigarkontrollen kan omfatte:

- Kontroll ved selskapsetablering.
- Kontroll av at kommunen har tilstrekkeleg oversikt og kontroll med eigarskapa.
- Kontroll av at eigarskapa er forsvarleg i høve til føremål og type verksemd.
- Kontroll av at eigarrepresentantar har tilstrekkeleg kompetanse.
- Kontroll av at selskapa kommunen har eigarinteresser i følgjer aktuelle verksemdlover og anna relevant lovgjeving.
- Kontroll av at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser opptre i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.

### Valfri forvaltningsrevisjon

Det er ikkje pålagt å gjennomføre forvaltningsrevisjon i selskapa, men kommunen kan gjennomføre forvaltningsrevisjonar dersom dette er relevant. Forvaltningsrevisjon omfattar systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

## 2. Risiko- og vesentleganalyse

For å utarbeide plan for selskapskontroll er det gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering for å velje ut relevante selskap og område for selskapskontroll. Det er spesielt desse forholda som er vurdert:

1. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Risiko for at selskapet ikkje driv i tråd med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.
3. Risiko for at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut frå kor tenleg det er å gjennomføre kontroll for kommunen. To overordna perspektiv blir lagt til grunn for ei slik vurdering:

1. Fokus på brukarperspektivet.
2. Fokus på økonomiske interesser for kommunen.

Datainnsamlinga som ligg til grunn for risiko- og vesentleganalysen, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt tilsette og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomførte:

- Dokumentgjennomgang
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking for administrative leiarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen

Data som har blitt samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda knytt til forvaltning av eigarskap. Analysen er samla i eit arbeidsdokument/ analysegrunnlag som ligg til grunn for utveljing og prioritering av selskapskontrollprosjekt.

### 3. Oversikt over selskap

Under følgjer ei oversikt over selskap Samnanger kommune har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå kommunen. Selskapa er presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar).

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som kommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Desse selskapa har kommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre eigarane. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptre i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av representantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningsliner o.l.

#### 3.1 Oversikt over selskap innanfor § 80

Selskap	Føremål <sup>1</sup>	Eigardel
<b>Business Region Bergen AS</b>	Drive regional næringsutvikling, etablerertene, profilering og marknadsføring og andre tenester som naturleg fell saman med dette, herunder å ha eit aktivt forhold til regionen sine nettverksorganisasjonar innan utvalte næringssegment.	2 %

#### 3.2 Oversikt over selskap utanfor § 80

Selskap	Føremål <sup>2</sup>	Eigardel
<b>Storeholmen VTA AS</b>	Attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemmede.	9,09 %
<b>Norheimsund Industrier AS</b>	Gjennom fabrikkasjon og anna næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetjing av yrkeshemma og mindre arbeidsføre personar.	4,57 %
<b>BIR AS</b>	Eige og forvalte selskap som skal syte for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og handsaming av produksjons-, nærings- og farleg avfall.	0,88 %
<b>Kommunekraft AS</b>	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	Ubetydeleg eigardel
<b>Hardangervegen AS</b>	Arbeide aktivt for utvikling av planar for, og realisering av, ein mest mogleg kort og effektiv vegforbinding mellom Odda og Bergen via Folgefonn-tunnelen og lang tunnel til Jondal, og med tilførselsveier.	Ubetydeleg eigardel
<b>KLP, Eigenkapital-innskot</b>	Kommunal Landspensjonskasse skal ivareta medlemmene sitt behov for tenestepensjons-ordningar.	Ubetydeleg eigardel
<b>Bergensbanens Forkortelse</b>	Namnet er ikkje registrert i RAVN Bedriftsinfo.	Ubetydeleg eigardel
<b>EDB A/S</b>	Namnet er ikkje registrert i RAVN Bedriftsinfo.	Ubetydeleg eigardel
<b>Storeholmen VTA AS</b>	Attføring og/eller sysselsetting av yrkeshemmede.	9,09 %
<b>Norheimsund Industrier AS</b>	Gjennom fabrikkasjon og anna næringsverksemd å skape grunnlag for sysselsetjing av yrkeshemma og mindre arbeidsføre personar.	4,57 %
<b>BIR AS</b>	Eige og forvalte selskap som skal syte for innsamling, transport og handsaming av hushaldnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og handsaming av produksjons-, nærings- og farleg avfall.	0,88 %

<sup>1</sup> Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.

<sup>2</sup> Nokre av selskapa sine føremål er korta ned i denne tabellen.

Selskap	Føremål <sup>2</sup>	Eigardel
<b>Kommunekraft AS</b>	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	Ubetydeleg eigardel
<b>Hardangervegen AS</b>	Arbeide aktivt for utvikling av planar for, og realisering av, ein mest moleg kort og effektiv vegforbinding mellom Odda og Bergen via Folgefonntunnelen og lang tunnel til Jondal, og med tilførselsveier.	Ubetydeleg eigardel

## 4. Prioriterte prosjekt for selskapskontroll i planperioden

Kontrollutvalet har vurdert og prioritert dei ulike områda, og avgjort rekkefølga for selskapskontrollprosjekt i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet vil elles, ut frå ei risiko- og vesentlegvurdering, velje ut selskap som dei ønskjer å kontrollere undervegs i perioden.

Omfanget av kontrollen i det enkelte selskap vil variere avhengig av størrelse og kompleksitet og eventuelt samarbeid med andre medeigar kommunar/fylkeskommunar.

Eventuell forvaltningsrevisjon i selskap blir vurdert av kontrollutvalet etter at obligatorisk eigarskapskontroll er utført og/eller der analyser eller andre indikasjonar syner at det kan vere aktuelt.

Prioritet	Prosjekt
<b>1</b>	<b>Eigarstyring</b>
<b>2</b>	<b>Norheimsund industrier AS</b>
<b>3</b>	<b>Storeholmen VTA AS</b>
<b>4</b>	<b>Business Region Bergen AS</b>

## 5. Metode for gjennomføring av selskapskontroll

Kontrollutvalet vil i kvart einskild tilfelle avgjere kva metode som skal nyttast i selskapskontrollen innanfor dei rammer som følgjer av lovgjeving og forskrifter.

## 6. Rapportering

Kontrollutvalet vil i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 15 rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og resultatata av desse.

Dersom føresetnadene skulle endre seg, eller dersom kontrollutvalet ønskjer fleire kontrollar, kan kontrollutvalet gjere endringar i planen undervegs i perioden.





Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee, and its network of member firms, each of which is a legally separate and independent entity. Please see [www.deloitte.com/no/omoss](http://www.deloitte.com/no/omoss) for a detailed description of the legal structure of Deloitte Touche Tohmatsu Limited and its member firms.

Deloitte provides audit, tax, consulting, and financial advisory services to public and private clients spanning multiple industries. With a globally connected network of member firms in more than 150 countries, Deloitte brings world-class capabilities and deep local expertise to help clients succeed wherever they operate. Deloitte's approximately 170,000 professionals are committed to becoming the standard of excellence.

© 2012 Deloitte AS



## SAKSFRAMLEGG

**Til:** Kontrollutvalet

**Dato:** 29. mai 2012

**Sakshandsamar:** Kari Nygard

**Kopi til:**

**Sak:** 23/12

### 23/12 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

Møteprotokollar gjev informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfta ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Kommunestyret	Svein Verner Rødseth
Formannskapet	Elin Dyrseth Liøen
Utval for oppvekst og omsorg	Hans Solberg
Naturutvalet	Lena Tveit

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 02.05.12
- Formannskapet 17.04.12
- Utval for oppvekst og omsorg ingen møter sidan 27.03.12
- Naturutvalet Aktuelle saker frå sakliste til møte 30.05.12.?

### **FORSLAG TIL VEDTAK:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Kari Nygard  
Seniorrådgjevar